

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.
2020/74003

Vår ref.
20/9095-6

Dato:
19.03.2021

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - Høyringsuttale

Formannskapet i Øygarden kommune har i møte 16. mars 2021, sak 044/21, gitt følgjande høyringsuttale til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling:

Øygarden formannskap ønskjer å gi følgjande høyringsuttale til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 i Vestland fylke:

- Øygarden formannskap sluttar seg til satsingsområda i planen og ber om at kommunen og lokale næringsaktørar vert involverte og sikra medverknad i arbeidsgruppene som skal arbeide vidare med handlingsprogrammet. Øygarden formannskap vil vidare peike på at framvekst av nye arbeidsplassar/næringar er avhengig av, og vil bygge på dei naturgitte fordelane som Vestland har – knytt til hav, energi og turisme. Øygarden Formannskap vil peike på at olje- og gassnæringa vil i svært mange år utgjere ein sentral og viktig del av sysselsettinga i Vestland, og kunnskap frå denne næringa vil kunne danne grunnlag for nye grønne arbeidsplassar. Vidare må det satsast meir på å legge til rette for vekst og utvikling av oppdrett både på land og i havet.*
- Handlingsprogammet må differensiere mellom dei ulike regionane i Vestland fylke grunna ulike lokale strukturar, folkesetnad og næringsliv. Øygarden kommune har sterkt fokus på prosjekt knytt til CO2- fangst, flytting av Bergen hamn og bygging av nytt Sotrasamband. Kommunen ber om at dette vert vektlagt i det vidare arbeidet med oppfølging av planen.*

Med helsing

Åse Vik
Assisterande kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur